

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-Q00, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 28.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Alver formannskap	04.02.2021
007/21	Alver kommunestyre	18.02.2021

Midlar til dekking av kommunal del ved søknad om trafikksikringstilskot frå Vestland fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Alver formannskap 04.02.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 008/21 Vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Fellesframlegg ved S.Toft-V:

Innstillinga frå formannskapet med følgjande endring:

Søknad om tiltak nr 3: Prosjektering senke kommunal veg mot kryss og utbetre Elsåskrysset mot fv Lurevegen, vert trekt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 007/21 Vedtak:

Kommunestyret gjer vedtak om å dekke minimum 50% av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet dersom Alver kommune får tilskot til eit eller fleire omsøkte prosjekt. Kostnadene dekkast gjennom auka låneopptak for investeringar.

Søknad om tiltak nr 3: Prosjektering senke kommunal veg mot kryss og utbetre Elsåskrysset mot fv Lurevegen, vert trekt.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har sendt ut invitasjon til søknad om tilskot til trafikksikringstiltak langs fylkesveg og kommunal veg. Kommunen kan søke om tilskot på inn til 1 million kroner. Føresetnad er at kommunen sjølv dekkjer minst 50% av kostnadene ved tiltaka.

Frist for søknad er 1. februar 2021.

Alver har godkjent temaplan for trafikksikring. Administrasjonen har søkt om tiltak frå temaplan trafikksikring som her er skildra, med atterhald om politisk godkjenning for dekning av kommunal del av totalkostnaden utanom det ordinære vegbudsjettet.

Tiltaka skal vere retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Tiltaka det er søkt midlar til er vist i tabellen under.

Kommunen kan få dekkja inn til 1 million kroner pr. søknad. Kommunen må sjølv dekke minimum 50% av tiltaket og om kostnaden vert høgare enn budsjettet, må kommunen dekke overskriddingane.

Eks. Budsjett 2.000.000 kr. Totalkostnaden blir 2.150.000 kr. Fylket dekker 1.000.000 kr, kommunen må dekke 1.150.000,-.

Saksopplysningar:

Det er krav til kommunal eigendel på minimum 50 prosent. Det er vidare stilt krav til oppdatert kommunal trafikktryggingssplan. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. Tiltaka skal vere planavklart på søknadspunktet, dersom tiltaka krev reguleringsplan.

Tiltaka det er søkt om er forankra i den nyleg godkjente «Temaplan for trafikksikring» Alver kommune.

Administrasjonen har søkt Vestland fylkeskommune om tilskot til fylgjande tiltak:

Tiltak	Stad	Budsjettert Totalkostnad (35% usikkerhet)	Søknadssum	Minimum kommunal dekning av totalkostnad
1	Gangfelt kommunal veg ved kryss fv Fonnebustvegen Lindås senter.	500.000,-	250.000,-	250.000,-
2	Kommunal veg Kyrhovden (inn til 2) og Hjertåsvegen (1 stk)	200.000,-	100.000,-	100.000,-
3	Prosjektering senke kommunal veg mot kryss og utbetre Elsåskrysset mot fv Lurevegen	600.000,-	300.000,-	300.000,-

Utfyllande informasjon om tiltaka:

Tiltak nr 1:

Vestland fylkeskommune skal i 2021 endre utforming av krysset ved Lindås kyrkje for å betre forholda for alle trafikkantar. Det er 5 vegar inn i dette krysset og det ligg tett opp til Lindås barneskule, skuleveg. I den samanheng har fylkeskommunen utført teljingar i forhold til kryssing av kommunal veg ved Innkøyning til Lindås senter frå Fonnebustvegen. Teljinga syner at alle kriteria for gangfelt er tilstade her.

Det vil krevje nokre mindre endringar/forlenging av fortauet for å få på plass eit overgangsfelt her. Det må og setjast opp eit nytt lyspunkt, skilt og malast striper.

Tiltak nr 2:

Alver kommune nyttar kriteria forankra i Temaplan for trafikksikring i samband med vurdering av behov for fartsdempande tiltak langs kommunale vegar. Kriteria syner at det må vere eit rett strekk på minimum 150m. 85%-fraktilen er den farten 85% av køyretøya held seg innanfor. Dersom denne farten er 5km/t eller høgare over fartsgrensa på staden er det grunnlag for etablering av fartsdempande tiltak.

Ut frå målingar utført i 2020 er det vist at det kan vere behov for 1-2 langs Kyrhovden på «rettstrekk» nærast skulen. Må vurdere plassering ut frå avkøyrslar og kor ein kan lede overvatn. 1 på rettstrekk Hjertåsvegen mellom avkøyrslane til 47 og 51.

Tiltak nr 3:

Utbetring av Elsåskrysset har vore diskutert i mange år. Elsåsvegen er ein kommunal grusveg som er svært bratt i starten og endar opp midt i en sving på fylkesvegen. Ved store nedbørsmengder har veggen ved fleire høve vorte «vaska vekk» og tetta kum og stikkrenne gjennom fylkesvegen. Om vinteren vert kneika i starten ofte svært glatt og det er fare for møteulykker. Mjølkebil og forbil har og problem med å komme opp vinterstid.

Det er behov for å senke veggen mot krysset for ei jamnare stigning dei fyrste 2-300m. I tillegg til at kryssutforminga vert endra for å betre kunne stå rett på fylkesvegen før avkøyning. Det er og ein forstøttningsmur lenger oppe i Elsåsvegen som på sikt vil ha behov for utbetring.

Då det er svært vanskeleg å setje tal på kva noko slikt vil koste vert det i denne omgang søkt om midlar for å prosjektere slik at ein kan få eit prisgrunnlag for vidare arbeid med å skaffe midlar til sjølv utbetringa.

Vedlegg i saken:

21.12.2020

Utlysing av tilskot til fysiske trafikksikringstiltak 2021

1491114